

## VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I TIME

Gjeld frå 01.03. 2013.

Vedtekne i Time kyrkjelege fellestråd 31.01.2013

Godkjente av Stavanger bispedømmeråd 07.02.2013

**Jfr. Lov av 7 juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd § 21.**

### **§ 1. Gravplasstilhøyring.**

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen dei sokner til. Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ein annan kommune mot slutten av livet.

### **§ 2. Fredingstid og festetid.**

Fredingstid for oskeurner og kister er 20 år.

Festetid er 10 år.

På deler av kvartal E og F på Undheim gravplass, deler av kvartal 8 og heile kvartal 4 på Time gravplass skal det helst ikkje setjast ned kister.

### **§ 3. Feste av grav.**

Når kistegrav vert teke i bruk er det høve å festa ei grav ved sida av, og etter godkjenning av kyrkjeleg fellestråd, ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Den grava som tas i bruk først i ein gravstad, er fri grav i fredingstida.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging kan feste ikkje fornyast utan særskild samtykke frå kyrkjeleg fellestråd. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellestråd avgjera spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar melda frå om endring av adresse.

### **§ 4. Grav og gravminne.**

Kyrkjegardsbetjeninga vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

Kyrkjeleg fellestråd skal godkjenne gravminne og fundament før plassering på gravplass.

Gravminnet skal plasserast på anvist plass i samsvar med forskrift. Gravminnet vert ståande der for godt.

Festar av grav eller ansvarleg for fri grav er eigar av vedkomande gravminne. Eigar er ansvarleg for

at gravminne ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for ferdsel på gravplassen. Eigar skal syta for fjerning av gravminne frå grav som ikkje er festa. Gravminne eldre enn 60 år kan ikkje fjernast utan godkjenning.

## **§ 5. Vern.**

### **Bandlegging av middelalderkyrkjegard, Gjeld areal rundt Time kyrkje, kvartal 1, 2 og 3.**

Alle inngrep i grunn eller andre tiltak er ulovleg utan forhandsgodkjenning.

Gravfelt som ikkje har vært i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep. Fjerning av og oppsetting av nye gravminner og gravutstyr skal godkjennast av kyrkjeleg fellelsråd og eventuell vernemyndighet.

## **§ 6. Plantefelt.**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

Kantstein omkring plantefeltet, dvs. minst tre rette steinstykke som blir lagt på tre sider av plantefeltet eller liggjande plate framfor gravminnet, skal flukte med terrenget omkring. I fallande terreng skal kantstein og plate trappast i forhold fundament til gravminne. Plate og fundament skal ikkje vera same stykke.

Heil eller delt plate, med eller utan hol til planter, skal leggjast i drenerande masse og vera 4 – 8 cm tjukk. Avstand frå plantehol til ytterkant av plate skal vera minst 8 cm.

Heil eller delt plate skal ha same lengde som fundamentet til gravminnet, og breidde inntil 65 cm målt frå bakkant av fundament.

Ved montering av heil eller delt plate, med eller utan hol til planter skal eigar gjennom avtale med kyrkjeleg fellelsråd ta på seg ansvar for skader påført ved vanleg drift og vedlikehald av gravplassen. Det er ikkje høve å bruka faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. utafor plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

## **§ 7. Stell av grav.**

Alle graver skal haldast i orden og vera velstelte. Den som er ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal såast til av den ansvarlege eller gravplassbetjeninga.

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal vera heilt komposterbart.

Det er ikkje tillate å setja ned frittstående plastlys med eller utan metallhette på gravene. Slike lys kan likevel nyttast, dersom dei blir sette inn i lykter, som gjer at fuglar ikkje kan få tak i dei.

Kyrkjeleg fellelsråd kan syte for årleg planting på grav mot betaling.

## **§ 8. Gravlegat.**

Mot innbetaling av ein bestemt sum til gravlegat, vil kyrkjeleg fellestråd ta over ansvaret for planting og stell av gravstaden. Det skal i kvart einskildhøve opprettast legatavtale. Den innbetalte sum med tillegg av renter skal dekkja utgifter til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Gravlegatet vert forvalta av dagleg leiar i fellestrådet og rekneskapsførar.

Gravlegata kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredingstida eller festetida som ligg føre. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i legattida at midlane ikkje rekk til, skal legatstyraren gje melding om dette til den som er ansvarleg, eller til festaren. Det er då høve til å auke legatet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stell av grava ta slutt når midlane er brukt opp. Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellestråd til forskjønning av kyrkjegardane.

Gravlegata vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører eige rekneskap med årleg revisjon for kvart legat. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon av gravlegata.

## **§ 9. Bårerom.**

Kyrkjeleg fellestråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

## **§ 10. Næringsverksemd.**

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassane skal ha løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

Gravplassbetjeninga kan ikkje mot godtgjering utføra tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjera seg i sal av varer og tenester som har med gravplassane å gjera.

## **§ 11. Administrasjon.**

Kyrkjeverje er av kyrkjeleg fellestråd delegert mynde på vegne av kyrkjeleg fellestråd i samsvar med lov, forskrift og vedtekter.